



Statens vegvesen

Lindås kommune
Areal- og miljøeininga
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24. 02. 2015	
Ark. saknr. 14/5524	LAS. nr.
Saksn.	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/191872-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.02.2015

Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan Fløsvika bustadfelt gnr.196 bnr. 4 m. fl - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 11.02.15 med framlegg til detaljreguleringsplan for Fløsvika bustadfelt, gnr. 196, bnr. 4 m. fl. på Leiknes i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 111 daa og føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nye bustader med tilhøyrande infrastruktur, uteopphaldsareal og friområde. Eksisterande naustområde vert regulert med føremål naust og med lik utnytting som dagens situasjon.

Det vert gjort framlegg om endring av føremål for eigedomane gnr. 195, bnr. 29, 43, 47, 67, 68 i forhold til kommuneplanen sin arealdel. Tomtene er avsett til fritidsføremål, men fritidsbustadane er tilknytt godkjent avlaup, har innlagt vatn og tilknytt veg, og har i dag ein funksjon som bustad. Planframlegget legg opp til å regulere desse tomtene med føremål som er i samsvar med dagens situasjon.

Planframlegget legg opp til 58 nye bueiningar fordelt på 5 områder for konsentrert småhusbygningar som leiligheiter og rekkehus.

I planframstillinga vert det opplyst at det er opparbeidd fortau langs fylkesveg 391 frå planområdet til Leiknes skule og Leiknes barnehage. Statens vegvesen vurderer det til å vere tilfredsstillande sikring av mjuke trafikantar på denne vegstrekninga.

Før det kan gjevast løyve til utbygging innanfor planområdet må det utarbeidast ein teknisk plan for krysset med fylkesveg 391 som viser at krysset er utforma i samsvar med handbok N100 frå Vegdirektoratet. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen.

I samband med gjennomføring av arbeidet med bygging av krysset mellom o_SKV1 og fylkesvegen utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen før det kan gjevast løyve til igangsetjing av arbeidet. I tillegg skal det opprettast ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og utbygger av området.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til framlegget til reguleringsplan for Fløsvika bustadfelt.

Dersom det skulle vere fleire spørsmål i samband med vår uttale til planframlegget ber vi om at det vert teke ny kontakt med Statens vegvesen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen